



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato  
14.04.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/15763 357  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

### Invitasjon til atomberedskapsseminar for kommunane 2. juni 2015

Vi viser til brev av 2. mars 2015 om Øving Hordaland 2015.

Fylkesmannen ønskjer beredskapskontaktar og andre velkomne til dagssamling om atomberedskap. Samlinga er eit viktig ledd i førebuinga til Øving Hordaland 2015. Scenarioet for beredskapsøvinga denne hausten er ei tenkt atomulukke med utslepp til luft.

Samlinga vert i Skrivergaarden på Hotel Augustin (C. Sundts gate 22) i Bergen tysdag 2. juni kl. 10-16. Vi ønskjer at kvar kommune stiller med 1-2 deltakarar på samlinga.

På samlinga 2. juni vil fagmyndigheiter som Mattilsynet, Bioforsk og Statens strålevern gå gjennom viktige punkt kommunen må ta omsyn til i sine planar for å kunne handtere eit atom-scenario. Meir konkret tenkjer vi då på lokale tiltak ein kan ta i bruk for å beskytte t.d. matproduksjon ved atomhendingar. Samlinga er såleis òg relevant for andre enn beredskapskontaktane, til dømes representantar for helse, miljø og landbruk.

Klikk deg inn på [www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Forebuing-Oving-Hordaland-2015/](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Forebuing-Oving-Hordaland-2015/) for påmelding.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: førebels program for atomberedskapsseminar